



# ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2013

Styret si årsmelding	<b>3</b>
Årsrapport	<b>6</b>
Barneteatret Vårt	<b>14</b>
Resultatrekneskap	<b>18</b>
Balanse	<b>20</b>
Notar	<b>24</b>
Revisors beretning	<b>32</b>
Statistikk	<b>33</b>
Nøkkeltal	<b>34</b>
Økonomisk resultat	<b>35</b>
Repertoar	<b>38</b>
Personale	<b>40</b>
Styret	<b>42</b>
Representasjon	<b>43</b>

Forsidebilete:

Utgjevar:

Ansvarleg utgjevar:

Redaksjon:

Uformig:

Panikk i kulissene. Foto Arild Moen  
Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal  
Thomas Bjørnager  
Thomas Bjørnager, Knut Lidvard Hegset,  
Eva Eklöf Mørkeset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth

# STYRET SI ÅRSMELDING

## Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

## Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2013 har vore godt. Det totale sjukefråværet i år 2013 har vore 2,4%. Det er rapportert om to mindre personskadar. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

## Likestilling

Teatret har eit styre med sju styremedlemmer, der styreleiar er kvinne. Kvinnedelen av instruktørar, scenografar, kostymedesignarar m.m. varierar mykje frå år til år. Ein må difor sjå tala over fleire år. Kvinneandelen er nær 50% for teknisk og administrative avdelingar.

## Møter

Styret hadde i 2013 6 styremøte og handsama 28 saker.

## Økonomien i selskapet

Årsrekneskapen er gjort opp med eit overskott på kr 592 053.

Sum eigenkapital er på kr 5 878 851. Av dette er kr 600 000 innbetalt aksjekapital. Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultata i 2013 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapen for 2013 er satt opp under føresetnad om framleis drift.


Molde 30. april 2014

  
Bodil Hollingsæter  
styreleiar

  
Kristin Sørheim  
styremedlem

  
Vivi Sunde  
styremedlem

  
Heidi-Iren Wedlog Olsen  
styremedlem

  
Leon Aurdal  
styremedlem

  
Per Kåre Trengereid  
nestleiar

  
Knut Anders Oskarson  
styremedlem



## PERPLEKS

av Marius von Mayenburg  
oversatt av Thomas Bjørnager

Regi/scenografi Thomas Bjørnager  
Lysdesign/tekniker Jonas P A Fuglseth

Med Daniel Karlsson, Eldar Skar,  
Hilde Marie Farstad, Valborg  
Frøynes

Norgespremiere 12. januar 2013  
på Teatret Vårt, Molde.

Forestillinger: 22  
Publikum: 1463



# ÅRSRAPPORT 2013

2013 var det første året med full drift i det nye kulturbygget PLASSEN. Driftsrekneskapen viser eit overskot på kr 592 053 og vi er stolte over å kunne visa til ansvarleg økonomisk drift og evne til å produsera eit stort og bredt kulturtilløp innanfor den økonomiske ramma vår. Eigenkapitalen er etter rekneskapsoppkjøret for 2013 på 5.9 mill. Vi vurderer det som høveleg og har ikkje noko ønske om å auke eigenkapitalen ytterlegare. Effektiv ressursutnytting er etter vår oppfatning å generere så mykje aktivitet for tilskottet som mogeleg. Vi har oppreithalde eit produksjonsvolum på ti eigenproduserte premierar. Tre var urpremierar og tre norgespremierar. Vi hadde 7 premierar i Molde og 3 i Ålesund. Fire av forestillingane våre frå 2012 vart spela vidare i 2013. Det vil seia at vi i alt hadde 14 ulike eigenproduserte forestillingar på repertoaret i 2013. I tillegg til 7 produksjonar frå Riksteatret og x gjestespel.

Vi har auka vår turneaktivitet. Og vi har hatt ein markant auke i samproduksjonar og publikumsarrangement i tilknyting til forestillingane i repertoaret.

Samboskapet med dei fire andre kulturinstitusjonane på PLASSEN har vist seg å ha den forventa synergieffekten. Teatret Vårt har som den største aksjonären i fellesskapet tatt på seg rollen som storebror, og teatret sine teknikarar og utstyrsparken vår blir brukt fortløpende av dei andre institusjonane i samband med publikumsarrangement. Direktør og rekneskapsavdeling på Teatret Vårt tar på seg

administrative oppgåver for kulturbygget og bruker framleis mykje tid på oppfølging av reklamasjonar i forbindelse med bygget. Men resultatet av det nye samboskapet talar for seg sjølv. Meir enn 600 arrangement på PLASSEN genererte dei 5 institusjonane til saman i 2013. Dette talet dekkjer alle billetterte arrangement og alle møte for forskjellige interessegrupper som blei halde i lokala våre.

Besøkstalet på Teatret Vårt har på eitt år stege med over 30%. Dette skuldast fleire ulike faktorar. Tildelinga av midlar i forsøksordninga "Tiltak for skolebesøk i institusjonane" har gjort det mogeleg å systematisera skolebesøk og "Vandring i kulissane" på Teatret Vårt. Vi har betra samarbeidet vårt med Den Kulturelle Skolesekken. Vår satsing på publikumsutvikling gjennom meaningsutveksling og foaje-arrangement har stor verknad. Og nye samarbeidstiltak med det lokale næringslivet bringer oss i kontakt med fleire nye publikumssegment.

Vi har jobba målretta mot tre hovedsegment.

Heimflyttarane (25-40): vi ser snittalderen for vårt publikum falle. Å gå på teater i eit riktig teaterbygg gir høve til nettverksbygging og sosiale møte. Det rituelle blir forsterka i den rette ramma og vi er veldig tilfredse med at mange fleir i denne gruppa bruker teatret no.

Barn og ungdom: Teatret Vårt kan bryske seg av å presentera barn og ungdom for ny dra-

matikk og eksperimenterande scenekunstuttrykk. To Heddaprismonasjonar fekk vi på dette feltet i 2013. Men Barneteatret Vårt sitt finansieringsnivå er ikkje tilstrekkeleg for å skapa varig kontakt til alle alderssegment. Med berre to produksjonar i året går det for lang tid mellom tilboda til alle aldersgruppene innanfor denne kategorien.

Eldre: Eldre-segmentet er eit av dei utvalde områda vi arbeider bevisst på å skape tilbod til. At eldre segmentet i dag er både friskare og meir aktivt deltagande i samfunnet enn i tidlegare generasjonar aukar behovet for nye forteljingar om helse, kjærleik og det å bli gammal. Vi har framleis ein av landets største venneforeiningar. Her er snittalderen høg. Men det er utdanningsnivået og interessa for teater også. I tillegg til at vi bruker PLASSEN som samlingspunkt for ei lang rekke arrangement for dette segmentet, har vi også produsert forestillinga *Tideverv* med særleg tanke på visingar ute på eldresentrene.

Vi er framleis ikkje tilfredse med resultata våre når det kjem til åpent sal ute på turne. Vi jobbar målretta med å forbetre dialogen med arrangørane våre. Vi planlegg fleire forestillingar som kan spele på mindre spelestader i fylket og har tatt opp dialog med alle kommunane i fylket for å utvide kretsen av arrangementar.

Kunstnarleg sett har Teatret Vårt i 2013 forsterka renommeet sitt. Med fleire årlege produksjonar aukar høvet til å presentera mange ulike scenekunstuttrykk og jobbe målretta mot fleire ulike publikumssegment.

Årets første premiere var 12. januar; **Perpleks** av Marius von Mayenburg. Det var norgespremiere. Teatersjefen oversette, registrerte og hadde scenografin. Ein vill og overraskande leik med teatrets konvensjonar og eit lynkurs i eksistensielle filosofiske problemstillingar høyres kanskje litt tørt ut. Men Valborg Frøysnes, Hilde Marie Farstad, Daniel Karlsson og Bjørnar Lisether Teigen briljerte i denne moderne, absurde komedien - publikum lo godt. Prosjektet som eigentleg hadde til formål å utvikla og binda saman ensemblet viste seg å ha appell til eit yngre publikumssegment. Vi introduserte pakketilbod med sushi og teater, og tok kontakt med revy-lag ute på turnespelestadene, der vi gjennomførde workshop med skodespelarane. Perpleks vart sett av 1463.

**Samson og Roberto** av Ingvar Ambjørnssen hadde premiere på Barneteatret Vårt i Ålesund 23. februar. Det var Ferran Audi som hadde regi og Märta Fallén som gjorde scenografi og kostymer. På scenen var Espen Mauno, Henrik Overaa Bjørnsson, Ivar Bjurgen, Astrid Overaa og Eva Eklöf Mørkeset. Ambjørnsens univers blei verkeleggjort på scena og dei uttrykksfulle og underfundige karakterane fall i smak. Dette er eit stykke som fortel om einsemd, bekreftelse og vennskap, fortalt med kjærleik, varme og masse humor. Målgruppen definerte vi som frå fem år og opp til minst 100. Dette er den hittil største produksjonen vi har hatt på Barne-teatret Vårt, og sjølv om det har bydd på mange utfordringar, er vi stolte over å ha lukkast med å få til ei forestilling som er såpass omfattande, og med så mange karakterar på scena.



*La Bête* av David Hirson

FOTO: ARILD MOEN

Samson & Roberto var den største suksessen i 2013. Med fem skodespelarar på scena, deriblant også Iver Bjurgren som ble nominert til Heddaprisen for beste mannlige birolle. Framsyninga var også ein av fem nominerte til Heddaprisen i klassen for «Årets barne- og ungdomsforestilling». «Samson & Roberto» er årets best besøkte framsyning på Barneteatret Vårt med 4430 besökande fordelt på 39 framsyningar.

Etter premieren spela vi tre veker i Ålesund, før vi drog på turné rundt i fylket - Åndalsnes, Kristiansund, Ørsta, Ulsteinvik, Stranda, Brattvåg og Surnadal – og avslutta med 14 forestillingar på Plassen i Molde. 40 forestillingar har det blitt til saman. 4500 publikummarar har sett forestillinga.

Enda ein norgespremiere var premieren på

**La Bête** 9. mars. Om enn i ein noko annan stil. David Hirson sin Moliere parafrase er eit moderne stykke i klassisk barokk form. Her blir det lagt opp til ein duell mellom den intellektuelle teatermannen med den gode smaken, som manglar eit publikum, og den glade gjøglaren som ikkje går av vegen for plattheiter og effektar for å fryde dei store massane. Bjørnar Lisether Teigen og Daniel Karlsson trakk opp frontane i Trond Lie si iscenesetting. Teksten var oversatt av Grete Kleppen som leverte eit utruleg arbeid med å gjere blankversa både munnrette og morosame. Det var eit utstyrsstykke med innsatsar frå heile ensemblet. Nina Flagstads kostymer fekk sett prikken over ien av maskør Cåre-Jonni Enderud sine fantastiske parykkar og masker.

## TURNE OG PUBLIKUMSTAL

I desse dagar tidleg i mars blei også "Teaterfesten" halde for fjerde år på rad. Igjen jobba Teatrets venneforeining saman med Teatret Vårt for å arrangere dagar med eit kjempe tilbod av forestillingar, foredrag og debattarrangement. Heile 7 dagar frå 6.-12. mars var Teatret Vårt ramma om den veldige festen som i 2013 hadde samboskapet på PLASSEN som eit tema. Ut over visningar av *La Bête*, *Mor for enhver pris* og Riksteatrets forestillingar *Tvillingsjeler* og *Bedrag* gjennomførte vi byvandring, konsert med TAIGA, utstillingsåpning i Møre og Romsdals Kunstsenter, og ei rekke foredrag og samsnakkar med Grete Kleppen, Trond Lie, Guri Hjeltnes, Nicolai Cleve Broch og Agnes Kittelsen. Mange arrangement var i samarbeid med Riksteatret og dei andre institusjonane på PLASSEN. Enda ein gong viste teaterfesten seg å vera eit fint høve til å skape sosiale møteplassar rundt arrangementa våre. Og som ei moglegheit til å inkludera fleire nye interesserte i venneforeininga sitt arbeid.

Den internasjonale teaterfestivalen "FRATZ" i Berlin har fokus på dei aller minste teatergjengarane. Vi var invitert med forestillinga **Hvit** og gjestespelte der 22. og 23. april. Teknikarane frå Teatret Vårt frakta dekorasjonen fram og tilbake og avvikla forestillinga i Berlin. Jonas Delerud og Jon Sigurd Kristen sen var i toppform og hadde stor suksess hos både 2-4 åringane og dei vaksne teaterkritikarane.

2. mai kunne vi feire urpremieren på musikkforestillinga **Klokketid og Sjeletid**. Bandet TAIGA, som er Kristian Johannessen, Pål

Normann Austnes og Lars Jones, hadde komponert ny musikk til eit tekstutvalg av blant andre Stein Mehren, Rolf Jakobsen og Henrik Mestad. Eit gripande møte mellom ord og musikk tok tilskodarane med storm og Henrik Mestad imponerte i si framføring av tekstane.

I mai månad tok vi opp forestillinga **Vår underfulle verden** igjen. Med midlar frå Forsking Midt-Noreg gjennomførte vi saman med ei forskingsgruppe frå Høgskolen i Molde og Bergen Universitet eit forskingsprosjekt; "All verden er en scene", med fokus på teater som kommunikasjonsmiddel i helsestyret. Gøril Haukebø og Daniel Karlsson spelar mor og godt voksen son i denne fine og poetiske skildringa av eit demensforløp og vi gjennomførte gjestespel i Bergen 7. mai og i Trondheim 15. mai for utvalde testgrupper av behandlerar og pårørande til demente, som sidan blei intervjuet av forskarane. Å kunne delta i eit profesjonelt forskingsprosjekt var ei verdifull erfaring om korleis teatret kan halda seg i kontakt med den verkelege verda omkring. Samtidig var det eit fint høve til å fortsette arbeidet med å fortelje moderne historier om det å eldast.

På oppfordring frå Nonstop Festivalen i Moss tok vi opp forestillinga **En komikers oppvekst** frå 2012 igjen, og Daniel Karlsson spela den populære monologen basert på Jonas Gardell sin roman.

På plass i det nye bygget vårt kunne vi 17. mai ta opp igjen tradisjonen med arrangementet **Mellan Togene**. Gøril Haukebø, Valborg Frøysnes, Eldar Skar, Bjørnar Lisether Teigen og Erik Hagen Lisether Teigen fram-

førte tekster og songar akkompagnert av Arne Torviks trio. Ein særleg augneblink på festdagen var da Bjørnar og Erik Teigen framførte Bjørnars eigen tekst **Når kongen gråter**. Den fine samtalen mellom far og son om tida etter 22. juli stod godt til Valborg Frøysnes si framføring av Beate Grimsrudss *Det var 5 millioner som ikke gjorde det*. Vår feiring av 17. mai blei på denne måte også ei markering av å ha kome vidare etter tragedien.

Som eit nytt tiltak tok Teatret Vårt initiativ til eit samarbeid med Røde Kors, Romsdalsmuseet og Voksenopplæringssenteret i Molde. Vi introduserte **Oppdag Molde** som ein familieliedag for tilflyttarar som vi sende rundt i byen på skattejakt. Vi ønskte å gjere nye nordmenn betre kjent med byens historie og kulturtilbodet. Stor oppbakking til prosjektet frå tilflyttarar av alle lag gav oss lyst til å gjere dette til årleg hending.

Forestillinga **Tideverv** blei utvikla av Vivi Sunde og Eldar Skar med fokus på at mange aktive pensjonistar ønskjer kulturtilbod på dagtid. Og også for dei eldre som ikkje lengre er så mobile. På bakgrunn av konkrete spørsmål frå eldresentra i fylket vart forestillinga utvikla som ei vandring i ord og musikk frå 20-talet til i dag. Med trekspelar Knut Ivar Bøe som musikar og eit viktig og grippande utval av tekster og songar gir Vivi Sunde og Eldar Skar tilskodarane høve til å tenke tilbake og minnast historia. Premieren var på Veøy eldresenter i Rauma 14. juni. Suksessen med Tideverv var stor og vi tar forestillinga med oss vidare inn i 2014. Vi opplever stor etterspørsel og planlegg mange turneforestillingar i året som kjem.

I juni kunne vi igjen sende ei av forestillingane våre på gjestespel etter invitasjon frå ein internasjonal teaterfestival. Denne gongen var det CPH:STAGE i København som inviterte. Valborg Frøysnes spela **Mor for enhver pris** to gonger på Teater Grob i København, og gjennomførte som vanleg i forbindelse med forestillinga også her paneldebatt med deltakarar med forskjellig tilknytting til problematikken rundt surrogati og fertilitetsbehandling. Også dette gjeste-spelet blei godt motteke av publikum og festivalens arrangørar.

Ein annan årleg tradisjon er teaterpremiere i forbindelse med Bjørnsonfestivalen i slutten av august. Vi presenterte i 2013 to premierar i desse dagane. Først ut var urpremieren på **Blendahvitt**; ei perfomance- forestilling utvikla av Hika Fekede Dugussa, Gøril Haukebø og Vivi Sunde under leing og i regi av Valborg Frøysnes. Temaet var kvardagsrassisme. I ei rekke fine og tankevekkande bilde inviterte forestillinga til debatt i Bjørnsens ånd. Menneskeverdet vart belyst av at ein globalisert verden har problem med å forholde seg til "dei andre". Ensemblet viste mot og engasjement og kasta seg ut i eit nytt performativt scenekunstuttrykk. Vi gjennomførte eit viktig prosessarbeid. Forestillinga blei enda eit viktig signal om at institusjonsteater ikkje alltid må vera klassikarbaseret, men også kan danne ramme for friare prosessar.

Teatret Vårt sin andre premiere under Bjørnson Festivalen var **Lilla** av Jon Fosse. Forestillinga var tenkt som markeringa vår av "Språkåret" og utvikla seg til å bli eit flott



Lilla av Jon Fosse

FRA VENSTRE: DANIEL KARLSSON, ELDAR SKAR, LARS  
MELSAETER RYDJORD OG BJORNAR LISETHER TEIGEN  
Foto: Arild Moen

samarbeid med Språkåret, Ivar Aasen Tunet, Bjørnsonfestivalen, DKS i så vel Møre og Romsdal som i Sør Trøndelag og Rockheim i Trondheim. Språkmann og rappar Runar Gudnason leika med språk som musikk og resultatet blei ei intens forteljing om tenåringane i prøverommet til eit håplaust rockeband. Mari Watn hadde scenografi og på scenen var Hilde-Marie Farstad, Eldar Skar, Lars Melsæter Rydjord og Daniel Karlsson. Vi fokuserte på kjønnsstereotypiar i forskjellige ungdomsmiljø og gjestespela ei veke på Rockheim, som samtidig viste utstilling om same tema: "I wish I was a real boy".

22. september var det premiere på **Balladen om eit Paddetryne**, årets andre produksjon på Barneteatret Vårt. Kunstnerisk leiar Eva Eklöf Mørkeset hadde oversett og regisserte Rob Evans *The ballad of Pondlife McGurk*.

Bak utviklinga av denne forestillinga står den skotske teatergruppa *Catherine Wheels*, som også har skapt *Hvit*, som vi produserte i 2012. I denne monologen viste Jonas Delerud glitrande spel i alle rollene i ei forteljing om vennskap, på godt og vondt. Og stykket gir oss mange ting å tenkje på. Korleis skal vi klare å forbli tru mot vennene våre når presset frå dei andre blir for stort? Forestillinga handlar om å stå opp for dei menneska som betyr noko for deg. Det handlar om å vere modig og å gjere det rette, ta dei rette vala.

Vi opplevde i speleperioden at stykket sitt enkle og sterke språk trefte blink både hos målgruppa og dei vaksne som såg forestillinga. Også kritikarane var begeistra med svært gode meldingar både i Sunnmørsposten, Romsdals Budstikke og Tidens Krav.



Samson & Roberto av Ingvar Ambjørnsen  
FRA VENSTRE: ASTRID OVERAA, ESPEN MAUNO,  
HENRIK OVERAA BJØRNSEN, IVER BJURGREN,  
EVA EKLÖF MØRKESET

FOTO: MARIUS BECK DAHLE

Målgruppe for stykket var 5. -8. klasse  
Både *Lilla*, *Blendahvitt* og haustens premiere  
på Barneteatret *Vårt Balladen om et Paddetryne* spela på Haustscena i Ålesund i byrjinga  
av oktober.

Utover hausten tok vi opp forestillinga *Hvit*,  
som turnerte i Den Kulturelle Skolesekken.  
Og akkurat som siste år tok den publikummet  
sitt med storm. Vi er framleis stolte over å pre-  
sentera ei så helstøypt forestilling for alders-  
gruppa 2-5 år at vi vurderer å ta den med  
vidare inn i speleplanane for 2015.

I september starta prøvene på årets store fol-  
kelige komedie; ein annen etterkvar etablert  
tradisjon. Vi ønskte å byggja vidare på dei  
gode erfaringane med å tilby komedie og ju-  
lebord i november og desember. No også på  
turne. Det var Christoffer Berdal som hadde

regi på **Panikk i kulissene** og Nina Flags-  
tad scenografi og kostymer. Premieren var i  
Parken Kulturhus, der teppet gjekk opp for ein  
dekorasjon i to etasjar på eiga medbragt  
dreieskive. Forestillinga blei også eit uttrykk  
for dei sterkt forbetra produksjonsforholda på  
Teatret Vårt. På fem av ti av turnestadene fekk  
publikum tilbod om ei liknande julebord-  
pakke som i Molde på PLASSEN. Vel heime i  
Molde derimot kunne *Panikk i kulissene* spele  
for fulle hus med glade julebordsgjester som  
koste seg i selskap med denne tempoprega  
"tour de force", ut og inn av kulissene til eit  
nedslitt turneteater. Vivi Sunde viste musklar  
som komedienne og fekk kveld etter kveld  
taket til å lette. Ensemblet var generelt sterkt  
spelande og vi kunne vise fram nye ansikt, Vi-  
beke Flesland Havre, Matilde Solbakken og  
Viggo Solum.

Utover hausten oppstod nye høve til samarbeid med det lokale næringslivet. Etter spørsmål frå ISTAD aktiv laga vi ein to-års plan for utvikling av ein framtidig juletradisjon på PLASSEN. Med sponsorstøtte frå ISTAD starta vi jobben med å dramatisere Alf Prøysens **Snekker Andersen og Julesnissen**. Steinar Raknes skreiv ny musikk og vi arbeidde saman med Molde internasjonale jazzfestival, som søkte komponiststøtte til prosjektet hos Kulturrådet. Også Molde kulturskole bidrog til samarbeidet. 11. desember hadde vi første visning. Jonas Delerud leste opp og Steinar Raknes spela «live» på åtte av dei ti forestillingane. To ungdomssolistgrupper frå Molde kulturskole hadde innovd ein av dei nye songane og dette var med til å gjøre opplesingane til ei fin julestund for alle aldrar.

Vi jobbar vidare med prosjektet og planlegg å presentera Snekker Andersen og Julenissen i større format i full dramatisering i 2014, som er 100- årsjubileum for Alf Prøysen. Samarbeidet med både Steinar Raknes, Molde internasjonale jazzfestival og Molde kulturskole held fram.

Det tidlegare gode samarbeidet med Riksteatret blei i 2013 ytterlegare forsterka. At Riksteatret i stor utstrekning vel PLASSEN som visningsarena i Molde har stor betydning for livet på PLASSEN og for breidda i kulturtilbodet til publikum. Sju av åtte riksteaterbesøk i Molde var på Teatret Vårt. Og fleire av forestillingane blei spela meir enn ein gong, noko som er uvanleg.

Noko anna som er med på å skape eit levande teater er dei mange eksterne arrange-

ment. Teatret Vårt var i 2013 ramme om mange ulike arrangement. Den kulturelle skolesekken brukte oss som ein av visningsarenaene under Kulturtorget, Sparebanken Møre la utdelinga av GNIST-stipendet hos oss. Vi opna bygget for *Ungdommens Kulturmønstring*, og vi er framleis regionansvarleg arrangør for DUS. Fleire private leietakrar brukte våre fasilitetar.

Etter det første året med full drift i det nye bygget vårt ser vi eit tydeleg bilde av eit moderne teater som veit at publikumsutvikling ikkje berre handlar om terskelsenking. Vi skaper scenekunst som vårt kjerneprodukt, men jobbar i tillegg målretta med formidling og andre format som inviterer til aktiv deltaking og meiningsutveksling. Huset vårt er opent for interessegrupper og private. PLASSEN er blitt fylket si nye storstue. Vi forsøker å skape tilbod til alle, med folkelege så vel som eksperimentinerande forestillingar.

Det store utviklingspotensialet ligg no i Barneateret Vårt. Her kan vi med ein liten auke i tildeling av midlar skape store resultat. Med berre ei ekstra forestilling i året utvidar vi tilboden til Den kulturelle skolesekken markant og kan gi eit meir kontinuerleg tilbod til dei forskjellige alderssegment.

## BARNETEATRET VÅRT

Vi meiner at våre stykkeval for 2013 for Barneteatret Vårt er i tråd med vår målsetting som vi har forsøkt å oppsummere slik:

Vi ønskjer å gi publikumet vårt eit variert tilbod av teateropplevingar av høg kunstnarleg kvalitet i alle ledd. Forestillingar som underheld, rører ved, vekker undring og latter, som inspirerer, samtidig som ein lærer noko nytt om livet og seg sjølv.

Vi ønskjer at vi skal vere i stand til å lytte til kva barn og unge har å seie, slik at våre forestillingar reflekterer deira fantasiar, draumar og håp og speglar den verkelegheit og kultur som barn i dag lever i, enten vi arbeider med nyskreven dramatikk eller nye tolkingar av klassikarar.

Vi ønskjer også at barn og vaksne skal ha ei fin oppleving saman når dei går i teatret, og trur at humor er eit viktig verkemiddel til dette. Humor som skaper gjenkjennung både hos barn og vaksne, bidreg ikkje berre til å gi publikum ei glederik oppleving, men kan også gjøre det lettare å behandle vanskelege emne og opne for ein fruktbar dialog mellom liten og stor.

Vi meiner det er svært viktig å tilpasse våre produksjonar dei ulike aldersgruppene vi skal lage teater for (0-15 år). Ettersom vi berre har ressursar til å produsere to forestillingar i året, kan det gå lang tid mellom kvar gong kvar enkelt aldersgruppe får ei teateroppleving spesielt retta mot dei. Det er i for tida

ein av våre største utfordringar med tilbodet vårt.

I samband med alle produksjonane på Barneteatret Vårt forsøker vi å skape aktivitetar før og etter forestillingane. Vi jobbar fast saman med Jugendteatret, Fagerlia vidaregåande skole, Molde kultuskole, Aukra kulturskole og Poppeloppeteatret i Molde om dette.

Vi gjekk også ut til skolane i Ålesundsområdet med ein konkurranse som lydde; "Kva er vennskap for deg?" der vi fekk inn svar i form av teikningar, foto og skrevne historier. Og publikum blei blant anna oppfordra til å skrive eit kort til ein ven og forklare kvifor dei sette pris på vennskapet og så poste det på Barneteatrets eige postkontor etterpå.

Vi har funne at dei ekstra aktivitetane vi organiserer i forkant og i direkte tilknyting til forestillingane både har vore svært populære, men også betydningsfulle på andre måtar. Dels ved at vi får publikum til å halde seg aktive til problemstillingane vi belyser i forestillingane. Dels for å etablere Barneteatret Vårt som eit senter for interaktivitet og synliggjøre tilbodet vårt overfor målgruppene.



## BALLADEN OM ET PADDETRYNE

av Andy Manley, Gill Robertson  
og Rob Evans

Tekst **Rob Evans**

Oversatt av **Eva Eklöf Mørkeset**

Instruktør **Eva Eklöf Mørkeset**

Skuespiller **Jonas Delerud**

Norgespremiere 21. september 2013 på  
Barnefeatret Vårt, Arbeideren, Ålesund

Forestillinger: 19

Publikum: 934





## LA BÊTE

av David Hirson  
oversatt av Grete Kleppen

Regi Trond Lie  
Kostymedesign Nina Flagstad  
Scenograf Thomas Bjørnager  
Masker Cårejånni Enderud  
Lysdesign Jonas P A Fuglseth

Med Valborg Frøysnes, Hilde Marie Farstad, Bjørnar Lisether Teigen,  
John Sigurd Kristensen, Vivi Sunde,  
Joakim Fink Graasvold, Eldar Skar,  
Gøril Haukebø, Daniel Karlsson

Norgespremiere 9. mars 2013  
på Teatret Vårt, Molde.

Forestillinger: 25  
Publikum: 1295

# RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2013	2012
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
Billett- og programsal	3	2 107 589	1 617 724
Salg Kafé Kurt		3 569 575	2 391 700
Andre inntekter		2 914 414	2 502 767
Driftstilskott		41 068 569	35 561 017
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>49 660 147</b>	<b>42 073 208</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Varekjøp Kafé Kurt		1 874 770	1 576 535
Kostnader arbeidskraft	4	25 576 525	21 530 468
Materialkostnader		1 616 204	1 041 175
Sal- og informasjonskostnader		1 423 519	1 432 967
Kostnader lokale		9 374 202	6 578 095
Uttstyrskostnader		313 897	375 629
Avskrivningar på varige driftsmidler	5	599 825	525 468
Andre driftskostnader		8 388 873	7 848 256
<b>Sum driftskostnader</b>	2	<b>49 167 814</b>	<b>40 908 593</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>492 334</b>	<b>1 164 614</b>
<b>FINANSINNTEKT/-KOSTNAD</b>			
Anna renteinntekt		352	0
Anna finansinntekt		273 884	234 755
Anne rentekostnad		2 199	0
Anna finanskosnad		172 317	94 548
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>99 720</b>	<b>140 208</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>592 053</b>	<b>1 304 822</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>592 053</b>	<b>1 304 822</b>
<b>Opplysningar om:</b>			
Avsett til anna eigenkapital		592 053	1 304 822
